

Fiskeri- og kystdepartementet
Postboks 8118 Dep
0032 Oslo

Førde, 09.08.11

HØYRINGSUTTALE TIL RAPPORTEN "EFFEKTIV OG BÆREKRAFTIG AREALBRUK I HAVBRUKNÆRINGEN – AREAL TIL BEGJÆR"

Underteikna er engasjert av Salmon Group AS for å gi uttale til rapporten frå ekspertutvalet.

Om oppdragsgivaren og om underteikna

Salmon Group AS er eigd av lokalt eigde matfisk- og settefiskselskap på Vestlandet og i Nord-Noreg. På nettsidene¹ skriv dei følgjande om seg sjølve: "Salmon Group er verdens største nettverk av små, familieeide oppdrettsselskaper. Med base i Bergen, Norge, yter vi service for våre 48 aksjonærer, som til sammen besitter 88 konsesjoner for oppdrett av laks og ørret langs norskekysten, og produksjon av ca. 26 millioner smolt."

Settefiskselskapa knytt til Salmon Group hadde i 2010 om lag 260 millionar kroner i omsetning.

Matfiskselskapa i gruppa hadde samla driftsinntekter på 2,86 milliardar kroner, dvs 32,5 millionar kroner pr konsesjon. Desse hadde eit samla resultat før skatt på 968 millionar kroner. Samla verdiskaping i matfiskselskapa utgjorde 1,13 milliardar kroner. Skatteinntaket frå selskapa og deira tilsette var på ca 325 millionar kroner. Kjøp av varer og tenester gav opphavet til verdiskaping på 1,54 milliardar kroner hjå dei norske underleverandørane. I vedlegg til brevet er det vist fleire tal frå 2010 og korleis desse er utrekna.

For nærmere presentasjon av gruppa blir det elles vist til nettsidene deira.

Underteikna er medeigar i konsulentfirmaet Mentor AS, men har nærmere 28 års erfaring frå bank. Eg har mellom anna vore kredittsjef i Sparebanken Sogn og Fjordane, og frå 2006 til 2010 regionbanksjef for kontora frå Florø til Måløy. Som banktilsett har eg følgt utviklinga i havbruksnæringa frå januar 1983. På 80-talet var eg "fødselshjelpar" for fleire av dei selskapa som no er eigarar av Salmon Group AS.

Salmon Group ber meg gi **mi** vurdering av dei samfunnsmessige og økonomiske konsekvensane av tiltaka ekspertutvalet tilrår. Eg står fritt til å skrive ut frå eiga overtyding. Salmon Group sender si eiga høyringsuttale, noko som var avgjort allereie før eg fekk oppdraget. Dette inneber at oppdragsgivare og eigarane bak ikkje nødvendigvis deler synspunkta mine i alle spørsmål som er kommentert nedanfor. Mellom anna meiner fleire av eigarane i Salmon Group at det ikkje er nødvendig å halde igjen på tildelinga av nye konsesjonar eller generell auke av MTB. Eg gir uttrykk for noko anna under punkt 10.15 nedanfor.

¹ <http://salmongroup.no/>

Kommentarar til nokre punkt i rapporten frå ekspertutvalet

Nedanfor gir eg kommentarar til nokre av tiltaka som ekspertutvalet listar ut i del 3 i rapporten. Tiltak eg er einig i eller ikkje har sterke synspunkt på, blir ikkje kommenterte. Tiltak som blir kommenterte, får nedanfor same notasjon og overskrift (på bokmål) som er nytt a i rapporten.

"10.4. Produksjonsområder med egne utsettssoner – koordinert utsett og brakklegging"

Soneinndelinga som utvalet gjer framlegg om, inneber store endringar for næringa og forvaltninga utan at det er fagleg underbygt at endringa vil gi redusert svinn eller færre lakselus. Dei negative konsekvensane av soneinndelinga er det derimot ikkje vanskeleg å sjå.

Som utvalet sjølv er inne på, blir endringa ressurskrevjande for styremaktene i omleggingsfasen.

Det blir i enkelte område utfordrande å skaffe tilstrekkeleg med gode oppdrettslokalitetar.

Oppdrettarane må gjere nye investeringar i samband med flytting. Om dei må flytte til lokalitetar med høgare krav til klasse enn dei har på eksisterande lokalitetar, må dei investere i nye anlegg. Det blir då nødvendig med investeringar på 30 – 40 millionar kroner for kvart nytt anlegg som gir rom for 3 gonger MTB. Dersom eksisterande anlegg og utstyr kan nyttast på ny lokalitet, ligg kostnadene erfaringmessig på 2 – 3 millionar kroner per anlegg som blir flytta. Dette gjeld utgifter til undersøking, klassing, fortøyingsanalyse, dokumentasjon, desinfisering, dykking, skraping/reingjering, slep/transport, skifte av mindre komponentar, forankring og fortøyning.

Om arbeidskraftbehovet ikkje blir dekt opp i samarbeid med andre oppdrettarar i same utsettssone, noko som i tilfelle vil føre til meir administrasjon og auka smitterisiko, blir konsekvensen større omfang av transport (i samla lengde) mellom eigne anlegg. Mindre av arbeidstida vil gå til effektiv røkting. Meir utgifter vil gå til transport, - båt eller bil. Meir transport mellom anlegg gir auka risiko for spreiling av sjukdom, også til mellomliggende anlegg. Det blir mindre tett dialog mellom personalet innan kvart enkelt selskap.

Utvalet skriv: "Særlig for små oppdrettarar vil krav til økt avstand mellom smittemessig adskilte lokalitetar kunne være krevende. Tettere forpliktende samarbeid med andre aktører vil kunne være en mulighet og en konsekvens." Eg meiner utvalet undervurderer behovet kvart enkelt selskap har for å ha rask tilgang til og følgje opp eigen fisk og eigne anlegg. Noko av styrken til dei mindre selskapa er den tette daglege dialogen innanfor selskapa, ein dialog som gjer at alle har "eigarskap" til fisken og anlegget. Det er ikkje greitt å overlate oppfølginga av eigen fisk til andre aktørar eller eventuelt til eigne tilsette som er lokaliserte langt borte. Vi har eksempel på vellukka samdrift, men då har utgangspunktet vore at to eller fleire selskap har hatt lokalitetar nær kvarandre. Så har dei gjennom samdrift redusert arbeidskraftbehovet med felles vaktplanar, men kvart enkelt selskap har stadig hatt eigne tilsette på lokalitetane. Dette har vore sjølvvalde løysingar mellom partar med "god kjemi", - ikkje påtvungne løysingar som blir konsekvensen av framlegget frå utvalet.

Oppdrettsnæringa i Noreg består av både store og små aktørar. Det er viktig med store fordi dei i større grad har evne til å ta risiko, t d i utviklinga av nye marknader. Det er viktig med små fordi dei ofte er mest kostnadseffektive, og fordi dei er meir medvitne i å handle lokalt. Dei mindre selskapa gir lokalt større grad av legitimitet til oppdrett. Dei små selskapa har også større handlekraft når det dukkar opp investeringsbehov og verkar for å vere meir oppdaterte på lokalitetsnivå. Leiinga i dei børsnoterte selskapa må ta andre omsyn enn eigarane av dei mindre oppdrettselskapa.

Underteikna fryktar at innføring av produksjonssoner og utsettssoner i tråd med ekspertutvalet si tilråding vil føre til at dei mindre oppdrettsselskapa sel seg ut. Dette fordi dei finn det for tungt å drive vidare, jf Bringsvor Laks AS. Det ville vere uheldig for bransjen, for kystkommunane og for landet.

Lokalt eigde oppdrettsselskap er også viktige for å få fram kapitalsterke miljø (kapitaldanning) med investorpotensiale i grisgrendte kommunar som elles har få "kapitalistar". Eg vil vise eit eksempel på slik kapitaldanning.

Askvoll kommune i Sogn og Fjordane er ein relativt "typisk" kystkommune utan bysamfunn. Kommunen hadde eit folketal på 2.999 ved utgangen av 2010. Kommunen var for 25 år sidan ein viktig industrikommune i tillegg til at den hadde omfattande fiskeri, men industrien er no kraftig redusert i omfang. No er det i hovudsak berre innan oppdrett og fiskeri at det skjer kapitaldanning i kommunen.

I Askvoll kommune er det to aksjeselskap som driv oppdrett av laks/aure og som er eigde av personar busette i kommunen. Nedanfor har eg sett deira rekneskapstal for 2009 opp mot tal for alle andre aksjeselskap i kommunen. (Det tredje matfiskselskapet på laks/aure som er eigd av personar i kommunen, er eit ansvarleg selskap der rekneskapen ikkje er offentleg tilgjengeleg.) Lindorff AS har utarbeidd rapporten på oppdrag frå underteikna. Grunnlaget er innsendte rekneskapar frå 106 aksjeselskap i kommunen, inklusive dei to oppdrettsaksjeselskapene.

Tal for aksjeselskap i Askvoll kommune	Omsetning i 2009 i mill kroner	Resultat før skatt i 2009 i mill kroner
Summen for alle 104 andre aksjeselskap enn dei to oppdrettsaksjeselskapene	475,7	26,0
Summen for to lokalt eigde oppdrettsaksjeselskap	86,9	17,7
Oppdrettsaksjeselskapet sett mot sum andre bransjar	18 %	68 %

Dei to aksjeselskapene som er eigde av personar i Askvoll kommune og som driv oppdrett av laks/aure på grunnlag av 5 av dei 12 matfiskkonsesjonane i kommunen, hadde altså eit samla resultat før skatt i 2009 som utgjorde 68 % av samla resultat for alle dei 104 andre aksjeselskapene i kommunen. Om vi held utanfor alle selskap som hadde negative resultat, så utgjorde resultatet for dei to oppdretts-selskapene 41 % av samla overskot i alle dei andre aksjeselskapene.

2009 var eit godt år for oppdrettsbransjen, men dei same to selskapene hadde i 2010 eit samla resultat før skatt på 38,6 mill kroner, altså meir enn det doble av resultatet for 2009.

Ved utgangen av 2010 hadde dei to selskapene ein eigenkapitalandel på særstilfredsstillende 53,2 % og 62,1 %, bygt opp frå 1980-talet og fram til no.

Seks av dei sju andre laksekonsesjonane i Askvoll kommune er eigde av selskap med hovudsete i nabokommunane. Desse selskapene har resultat og eigenkapitaloppbygging som fullt ut kan måle seg med dei to oppdrettsaksjeselskapene i Askvoll. Om vi kunne isolere tal frå alt av lakseoppdrett i Askvoll, ville samanlikninga av resultat vore endå meir fordelaktig for oppdrett enn det som er vist over.

Det skal seiast at nesten alt av lakseoppdrett har gitt gode resultat dei siste åra, men soliditeten har desse og andre lokale oppdrettarar bygt opp gjennom mange år.

Lokalsamfunna får mest glede av overskota (kapitaldanninga) så lenge oppdrettsselskapa er eigde lokalt, og ikkje på børsen. Vi kjenner alle til at det har ført til oppkjøp og vidare liv for lokalbutikkar og vertshus, og at det har resultert i etablering av t d røykeri og nye attraksjonar på kysten. Pengane frå slike "kapitalistar" er viktige anten dei blir brukte til direkte investeringar eller plasserte som innskot i lokale bankar som dermed får styrka arbeidsgrunnlaget. Dersom dei mindre oppdrettarane vel å selje seg ut, vil det få negative konsekvensar for samfunna rundt. Det blir i så tilfelle mindre evne til kapitaldanning i distrikta, jf eksemplet frå Askvoll.

Settefiskselskapa vil også kunne bli råka av omlegginga som utvalet gjer framlegg om. Nokre av dei vil hamne i andre produksjonsområde enn der dei har sine faste kundar. Det same gjeld for nokre slakteri. Forhandlingsposisjonane for partane kan bli vesentleg endra gjennom dette. Det kan for ein del selskap få dramatiske konsekvensar, då marknadsgrunnlaget blir rive bort gjennom omlegginga. I andre område kan det bli behov for nye anlegg, settefiskanlegg og/eller slakteri. Med det blir det behov for store nye investeringar.

Eg tykkjer ekspertutvalet i for liten grad har drøfta kva for konsekvensar omlegginga får for næringslivet, og då særskilt for dei mindre selskapa. Framlegget er klart negativt for dei små aktørane og for samfunna rundt desse. Endringar som får så store konsekvensar for samfunn og næringsliv, kan ikkje gjennomførast utan solid fagleg underbygging.

Eg rår ifrå at det blir gjort ei inndeling i produksjonssoner og utsettssoner slik utvalet gjer framlegg om.

"10.5. Prosess for opprettelse av produksjonsområder og utsettssoner "

Ut frå det eg skriv ovanfor, vil eg avvise behovet for den prosessen som utvalet skisserer.

"10.6. Lokalisering, saksbehandling, flytting, samlokalisering og samdrift "

Ut frå det eg skriv som kommentar til punkt 10.4., vil eg avvise tiltaket som er skissert, inklusive behovet for nye heimlar.

"10.10. Plikt til å rapportere hvor settefisken kom fra"

Styresmaktene bør vurdere nøye alle nye pålegg om rapportering som blir pålagt oppdrettsnæringa (og alle andre næringar). Nyten må kritisk vurderast opp mot kostnadene ved rapporteringa. Representantar for næringa bør delta i kost-/nyttevurderinga.

"10.12. Handlingsregel for regional justering av MTB og adgang til miljøbegrunnet flytting"

I motsetnad til ekspertutvalet ser eg det slik at daud fisk i merdane framfor alt er ei privatøkonomisk utfordring. Ingen liker å tape pengar. Sett i høve til landbruket og vurdert ut frå at fisk naturleg har høg svinnprosent, ser eg det slik at næringa samla sett ikkje har urimeleg høge tap. Tap som eit argument for å innføre prinsippet om kollektiv straff, vil eg difor avvise. Det gjer eg også på bakgrunn av at vi ikkje har tradisjon for kollektiv straff i Noreg og at det er ikkje er juridisk kurant. Det vil vere i strid med den alminnelege rettsoppfatninga.

Ovannemnde hindrar ikkje at styresmaktene skal ha rett og plikt til å overvake fisken sin helsestatus. Styresmaktene må sjølv sagt også ha rett og plikt til å gripe inn i høve til enkeltaktørar med omfattande sjukdomsvanskar og/eller høgt svinn, men inngrep må ikkje vere grunngitt med at naboen/naboane har høge tap.

Den privatøkonomiske utfordringa er der heile tida, og eg er trygg på at aktørane gjer det dei kan for å redusere tapa. Eg har også tru på positiv effekt av samarbeidet som har utvikla seg mellom oppdrettarane, forvaltninga og kompetansemiljøa.

"10.13. Prinsipp for utvikling av handlingsregel for å redusere lusepress på villaks og sjøørret"

Eg er einig i det meste av det utvalet skriv under dette punktet. Lusepress på villaks er ein av dei to faktorane som i vesentleg grad utfordrar legitimitet til oppdrett. (Den andre kjem eg tilbake til under 10.14.)

Når det gjeld lus, må det vere grunnlag for at styresmaktene kan reagere mot enkeltaktørar eller heile grupper av aktørar, avhengig av lusedata frå dei ulike anlegga. Dersom ein vill bestand av laks skulle vere truga av lus og det er jamn fordeling av lus på oppdrettsanlegga i området, må det kunne gjerast vedtak om tiltak som rammar alle anlegg i området. Nivået på tiltaka må tilpassast alvoret i situasjonen. Det er likevel uforståeleg at det skal vere nødvendig med soneinndeling som i framlegget frå ekspertutvalet for å gjennomføre slike tiltak.

"10.14. Etablering av handlingsregel for å sikre villaks mot genetisk påvirkning fra rømt laks"

Genetisk påverknad på villaks frå rømt oppdrettslaks er den andre faktoren som i vesentleg grad utfordrar legitimitet til oppdrett.

Eg er merksam på at forvaltninga og næringa satsar på eit breitt spekter av tiltak for å redusere problemet. Det er utan tvil medverkande til at innslaget av oppdrettsfisk i elvane er kraftig redusert. Eg er likevel open for at det blir innført handlingsreglar på dette punktet. Det må vidare satsast mykje frå det offentlege og frå næringa på å utvikle metodar som gjer det mogleg å spore den rømte fisken tilbake til eigar.

Heller ikkje på dette punktet kan eg forstå at det skal vere nødvendig med ekspertutvalet si soneinndeling for å få effekt av innføring av ein handlingsregel.

"10.15. Ingen nye tillatelser eller økning av MTB før produksjonsområder er etablert"

Eg støttar tanken om framleis å "fryse" MTB og ikkje tildele nye konsesjonar, men ikkje at det blir gjort i påvente av soneinndeling. Det bør gjerast i påvente av at omfanget av lakselus på villaks har kome ned på akseptable nivå, ut frå eit "føre var"-prinsipp. Med andre ord vil eg støtte den linja som styresmaktene følgjer i dag, der det også er fokus på resistensutviklinga. Næringa bør vere med i dialogen når grenseverdiane blir fastsette.

Det blir i sommar rapportert om kraftig auke i oppgangen av villaks i elvane i Sogn og Fjordane. Vidare blir det rapportert at det er minimalt med lus på laksen som går opp. Det gir grunn til refleksjon. Tankegangen "føre var" byggjer på at vi i dag ikkje har kontroll på lakselusa, men det kan jo tenkjast at det er andre utfordringar enn lakselusa som forklarer store svingingar i innsiget av laks. Det er difor viktig å satse meir på forsking omkring laksen slik at vi snarast mogleg får meir presis kunnskap som grunnlag for forvaltninga, og slik at vi kan oppheve "frysinga" av MTB så snart som råd. Ein langvarig "frys" av MTB vil få uheldige konsekvensar. Eg viser elles til neste punkt.

"10.25. Forskningsbehov"

Underteikna er einig med ekspertutvalet i at forskinga må styrkast innan havbruksrelaterte tema.

Havbruksnæringa er leverandør av sunn mat til eit stadig aukande folketal. Næringa er allereie i dag mellom dei viktigaste eksportnæringane i Noreg og har potensiale til å bli endå viktigare. Næringa er viktig for distrikta og bidrar vesentleg til fellesskapet gjennom inntekter til det offentlege. På bakgrunn av dette meiner eg det vil vere rett av styresmaktene å bruke meir ressursar på målretta forsking innanfor område som betyr mykje for næringa, t.d. på havbruksteknologi og lakselus. Forskinga må gjerne skje i samarbeid med private aktørar. Poenget for styresmaktene må vere å kome i forkant av utviklinga, og å kunne ha konkrete og utprøvde løysingar å tilby før næringa blir pålagt endra rammevilkår.

Næringa bør gjennom FHF ha vesentleg innverknad på prioriteringa av forskingsoppgåvane.

Oppsummering


Det er viktig med både store og små aktørar i oppdrettsbransjen. Dei små medverkar sterkt til å realisere dei politiske målsettingane om å behalde livskraftige lokalsamfunn på kysten. Dette skjer i ei tid der samfunnet elles gjennomgår ei sterk sentralisering. Det må difor leggjast til rette for at dei mindre aktørane blir verande i oppdrettsbransjen, både på kort og lang sikt.

Som vedlegg til brevet har eg summert opp tal for 2010 frå matfiskselskapa som er medlemer i Salmon Group. Desse må alle reknast for å vere små aktørar i bransjen. Tala i vedlegget, sett i samanheng med eksemplet eg nemner frå Askvoll (jf punkt 10.4. over), viser at dei mindre aktørane er viktige for distrikta.

Dei ikkje børsnoterte selskapa har totalt vel 400 matfiskkonsesjonar på laks/aure. Salmon Group-medlemene står for 88 av desse. Det betyr at dei små og mellomstore oppdrettsselskapa samla sett er ein betydeleg "muskel" i distrikta og eit viktig bidrag til norsk økonomi.

Det er viktig å behalde dei mindre og mellomstore oppdrettarane sin motivasjon til å halde fram i næringa. Eg vil difor sterkt rá ifrå at ekspertutvalet sitt framlegg til innføring av produksjonssoner og utsettssoner blir gjennomført.

Med helsing
MENTOR AS



Johan Magerøy

Vedlegg:

Tal for 2010 frå matfiskselskapa tilslutta Salmon Group

TAL FOR 2010 FRÅ MATFISKSELSKAPA TILSLUTTA SALMON GROUP

	Sum for SG-medlemene	Pr årsverk	Pr konsesjon i SG
	tusen kroner	tusen kroner	tusen kroner
Driftsinntekter frå matfiskproduksjonen	2 860 413	10 288	32 505
Resultat før skatt	967 606	3 480	10 996
Verdiskaping	1 129 614	4 063	12 837
Skattebidrag frå selskapa og tilsette	325 109	1 169	3 694
Sum årsverk i matfiskselskapa	278		
Tal matfiskkonsesjonar (a 780 t MTB)	88		
Verdiskaping hjå norske underlev.	1 538 087	777	17 478
Skattebidrag frå underlev. og tilsette	675 942	341	7 681
Sum årsverk hjå underleverandørane	1 981		
Samla verdiskaping i Noreg	2 667 701	1 181	30 315
Sum skattebidr. frå bedr. og underlev.	1 001 051	443	11 376
Sum årsverk i Noreg	2 259		

Skattebidraget frå matfiskselskapa knytt til SG og underleverandørane deira, samla 1 001 mill kroner,

gir grunnlag for t d	1 820	årsverk i offentleg sektor (550' pr åv)
eller	7 050	barnehageplassar (142' pr plass)
eller	10 537	grunnskuleplassar (95' pr plass)
eller	1 192	sjukeheimspllassar (840' pr plass)

Det er ved utarbeiding av rapporten innhenta rekneskapstal frå selskap som eig 69 av dei 88 matfiskkonsesjonane innanfor Salmon Group. Det er lagt til grunn at selskapa som eig dei siste 19 konsesjonane, har rekneskapstal som i snitt pr konsesjon er lik tala for selskapa med dei 69 første konsesjonane.

Tala for samla skattebidrag frå selskapa og tilsette er utrekna av NHO på grunnlag av rekneskapstal frå verksemndene og grunnlagsdata frå Statistisk sentralbyrå. NHO har også nytta grunnlagsdata frå Statistisk sentralbyrå ved utrekninga av verdiskaping, skattebidrag og tal tilsette hjå underleverandørane. NHO legg vekt på å halde modellane og utrekningsmetodane korrekte og oppdaterte, men påtar seg ikkje ansvar for eventuelle tap eller problem som måtte oppstå pga feil i modellane eller metodane som er nytta.